

Lesarbrev

Vi godtek innlegg på både nynorsk og bokmål. E-post: ordskite@dagogtid.no

«Skatten vil ha uheldige konsekvensar ikkje berre for næringa sjølv, men òg for framtidig verdiskaping.»

Tidlig barnehagestart og senere psykiske helseplager

PSYKISK HELSE
EYSTEIN VICTOR
VÅPENSTAD

Min kronikk i Dag og Tid 7. oktober møtes med typisk ny-positivistisk retorikk av Henrik Zachrisson og Nina Drange (Z&D) den 14. oktober. Fordi jeg angivelig ikke har «solid empiri» bak mine bekymringer, er jeg «på villspor». Ny-positivismen representerer ikke virkeligheten som sådan, men er gjennomsyret med verdier, og det førende prinsipp er formålsrettethet. Hvis ikke noe kan bevises med tall og statistikk, så kan vi bare se bort fra det. Jeg er opptatt av at et så betent fenomen som tidlig barnehagestart, bør debatteres og belyses fra flere ulike sider.

Statistikkbasert forskning er et viktig bidrag, men kan ikke være det eneste. Z&D sine statistiske analyser av sammenhenger over kort tid kan ikke rokke ved det normative dilemma som foreldre står i hver dag når de skal levere fra seg småtassene sine. Skader påført i tidlig barndom kan først gjøre seg gjeldende mye senere, for eksempel i puberteten eller når du flytter hjemmefra.

I tillegg til statistiske analyser trenger vi empiri tuftet på medmenneskelighet og innlevelse i andres smerte. Smerten vi påfører etteråringer når vi skiller dem fra sine omsorgspersoner i mange timer hver dag, er også empiri. Men for den som sitter beskyttet bak en dataskjerm og ser verden gjennom korrelasjoner og standardavvik, vil menneskenes livsverden og små barns ubehag være støy en kan se bort ifra fordi det ikke lar seg fange med tall eller statistikk. Et instrumentalistisk mistak, kalte Hans Skjervheim dette.

Min hypotese om en sammenheng mellom tidlig barnehagestart og senere psykiske helseplager er ikke forsket på empirisk. Slik forskning vil kreve lengre tidsreier enn dem Z&D forholder seg til. Det er uvitenskapelig av

Z&D å bare avfeie en hypotese før den er ordentlig forsket på. Deres statistikk kan ikke nulle ut årtier med utviklingspsykologisk forskning og kunnskap.

Z&D sier at: «Det finnes ingen forskning som viser at de små endringene i stresshormon i seg selv har negative konsekvenser for barn.» Nettopp, den forskningen finnes ikke, noe som ikke betyr at stresshormoner ikke har betydning. Små endringer, når de skjer hver dag, kan ha en effekt. Ikke nødvendigvis på alle barn, men på en del. Det kan også være topper av stresshormoner i kroppen som ikke blir målt.

Hvordan forklarer Z&D den sterke emosjonelle reaksjonen som mange foreldre opplever hver morgen når de forlater sine små? Handler det om manglende kjennskap til Z&D sine statistiske analyser? Vil påstanden om bedre språkferdigheter dempe foreldres bekymring? Barn lærte å snakke og skrive også før det ble et politisk mål å få alle etteråringer inn i barnehagen.

Årsakene til den markante økningen i psykiske helseplager hos barn og unge er mange og sammensatte. Korrelasjonen jeg beskrev i min kronikk er ikke tilbakevist av Z&D. Det er en sammenheng i tid mellom økning i antall etteråringer som starter i fulltids barnehage og økning i psykiske helseplager blant barn og unge. Dette angår nesten alle barn i Norge i dag. Det er derfor uansvarlig å avfeie en sannsynlig sammenheng før dette er ordentlig undersøkt. Når statistikere som tror de selv er uten ideologiske føringer, forsøker å stoppe andre fagpersoner fra å tenke fritt og høyt, bør det få oss alle til å forstå at her har vi å gjøre med et «keiserens nye klær»-fenomen. Det er noe i kulturen som skriker mot oss, men som ingen må se.

Eystein Victor Våpenstad er psykologspesialist for barn, unge og vaksne og førsteamanuensis og dr.philos. ved Institutt for psykologi ved Høgskolen i Innlandet.

Uheldig særskatt av havbruk

GRUNNRENTESKATT
TROND BJØRNDAL

Regjeringa har kome med forslag om innføring av det som vert kalla ein «grunnrenteskatt på havbruk». Det er viktig å vere merksam på at dette forslaget har ingen ting å gjere med grunnrente – det er tale om ein særskatt på produksjon av laks og aure. Skatten vil ha uheldige konsekvensar ikkje berre for næringa sjølv, men òg for framtidig verdiskaping.

Jon Hustad har i Dag og Tid 7. oktober på ein fin måte skrive om ressursrente, men ettersom mange mistydar kva dette er, er det på sin plass å presisere kva dette omgrepet representerer. I oppdrett kan det framkome ei ressursrente dersom tilgangen på høvelege lokalitetar er knapp. Dermed er det naturen sjølv som skapar knappleik. I eit slikt høve vil verdien på den marginale (minst lønsame) lokaliteten utgjere ressursrente. I tillegg vil enkelte lokalitetar kunne vere meir lønsame enn andre. Dette fordi dei er meir produktive grunna temperatur-, straum- og miljøtilhøve, større dugleik i arbeidsstokken og anna. Det vil då oppstå det ein kallar differensialrente. I fiskeria talar ein gjerne om «skippereffekten», som gjev uttrykk for noko av det same. Medan ressursrenta vil vere lik for alle lokalitetar, vil differensialrenta variere frå lokalitet til lokalitet.

Er det då slik at det er avgrensa tilgang på lokalitetar som skapar verdiar i oppdrett? Enkelte vil hugse at til for eit par tiår sidan stod apotekarane på toppen av skatteliste år etter år. Det skuldast at ein måtte ha konsesjon frå Sosialdepartementet for å etablere apotek. Få fekk løyve, slik at enkeltapotek dekte store geografiske område, med den konsekvens at apotekarane tente gode pengar.

Oppdrettsnæringa har vore regulert sidan starten. Det inkluderer konsesjonar, no kalla løyve. Grunngevinga for desse reguleringane har variert. Det er i dag 1098 kommersielle løyve til oppdrett av laks og aure mot 991 i 2010, ein auke på berre 10 prosent på elleve år. Det er reguleringane av løyve og tillaten biomasse som er avgjerande for produksjonen, og ikkje naturen i form av avgrensa tilgang på lokalitetar. Dermed er det eventuelt tale om ei reguleringsrente heller enn ei ressursrente.

Eg har skissert kva dei ulike rentemengde representerer. Sjølv om ein har tilgjenge til årsrekneskap, og Fiskeridirektoratet publiserer ein oversikt over produksjonskostnadane i næringa, tal som i parentes merka er svært misvisande, er det ingen som veit kor stor reguleringsrente og differensialrente det er i norsk havbruk.

Utforminga av den nye skatten er framleis usikker, men ifylgje Finansdepartementet er det forslag om ein skatt på kontantstraumar. Det er med andre ord ikkje tale om skatt på reguleringsrente, slik at omgrepet «ressursskatt» er misvisande. Eg synest omgrepet særskatt er høveleg. I Dag og Tid 7. oktober brukte Vemund Kårstad omgrepet *toppskatt*, som ein og kan nytte.

Ettersom talet på løyve er regulert, har desse løyva vorte svært verdifulle, sjølv om verdien varierer med endringar i pris og kostnader. Verdien på eit løyve har vore over 150 millionar kroner, og dette er bokført i bedriftene sine rekneskapar. Som ein konsekvens av forslaget om innføring av særskatt har verdien av oppdrettsaksjane på Oslo Børs vorte redusert med fleire titals milliardar kroner. For heile næringa er det tale om mykje meir. Verdien på løyve er òg sterkt redusert.

I praksis inneber det ei overføring av store verdiar frå distrikta og næringa til Oslo. Eg vil kalle dette konfiskasjon av privat eige, som har likskapstrekk med sylvskatten frå nokre hundre år sidan.

Kva med framtida? Næringa vil ha mindre insentiv til å investere, inkludert i ny teknologi som kan betre miljøtilhøva, noko som vil føre til lågare vekst og verdiskaping. Ifylgje regjeringa sin havbruksstrategi, skal oppdrettsproduksjonen kome opp i fem millionar tonn per år. Det er eit paradoks at den nye særskatten vil medvirke til at ein ikkje kan nå måla i havbruksstrategien.

Laks og aure vert oppdretta i fleire land. Den nye skatten vil medføre at oppdrettsnæringa vil tape konkurranseevne internasjonalt, og bedrifter vil finne det meir lønsamt å investere utanlands. Det vil over tid redusere Noreg sin posisjon i laksemarknaden.

Jon Hustad samanliknar kraft, olje og oppdrett. Kraft og olje er *in situ* ressursar ein ikkje kan flytte på. Sjølv om oppdrettslokalitetar og ei *in situ* ressurs, er ramevilkåra svært forskjellige frå kraft og olje. Der skjer det ei rivande teknologisk utvikling. Fleire av dei nye teknologiane er slik at Noreg ikkje har fortrinn samanlikna med andre land. Ein kan like gjerne plassere eit lukka anlegg ved kysten av Skottland som ved norskekysten. Landbasert produksjon vil kome i dei store konsumentmarknadene. Konsekvensen er at Noreg sin posisjon i denne marknaden vil kunne verte svekka over tid. Den nye særskatten vil forsterke denne utviklinga.

Trond Bjørndal er professor ved Samfunns- og næringslivsforskning (SNF) med spesialisering innan fiskeri og havbruk. Han har skrive fleire fagartiklar om ressursrente i desse næringane.

Kunne Vesten ha handla på anna vis?

UKRAINA-KRIGEN
HALVOR TJØNN

I siste utgåva av Dag og Tid har Hallvard Hegna eit innlegg der han spør om ikkje også Vesten har noko av ansvaret for den krigen som no går føre seg i Ukraina. Hadde Vesten og Nato teke meir omsyn til dei tryggingpolitiske interessene til Russland, hadde denne krigen kanskje aldri kome i stand, meiner Hegna, om eg tolkar han rett.

Hegna skal ha ros for at han held eit viktig spørsmål varmt. Ikkje minst for Nato – som skal vera ein allianse av demokratiske statar – er det viktig alltid å hausta lærdom av den nære fortida, og ikkje minst av den pågåande krigen. Europa er sjølv opphavsstaden for demokratiet, men så er stoda den at den største staten på dette kontinentet – Russland – aldri har vore demokratisk og neppe blir det på generasjonar. Spørsmålet Hegna tek opp, handlar – slik eg ser det – om korleis eit demokratisk Europa har takla eit udemokratisk Russland, og korleis me skal leva med

det same Russland i tiåra som kjem.

Det som er klart, er at ingen i Vesten har sysla med planar om å øydeleggja eller til og med stykka opp den russiske staten, slik Putin fleire gonger har hevda at me har. Fordi Vesten stadig har dette på dagsordenen, var det naudsynt for Russland å angripa Ukraina, for slik å rydda av vegen ein trojansk hest innanfor den austslaviske folkefamilien, hevda Putin. Krigen mot Ukraina var difor eit reint førekjøpsatak, altså eit åtak for å avverja eit anna åtak, påstår den russiske leiinga.

Problemet me som europearar blir stilte overfor i denne russiske argumentasjonen, er at ein imperialistisk tenkjemåte ligg i botnen. Regimet til Vladimir Putin meiner at Russland skal ha rett til å diktera eller i det minste å ha eit veto over utanrikspolitikken til dei eks-sovjetiske statane. At Russland hadde hatt eit slikt veto, hadde kanskje vore det beste for freden på det europeiske kontinentet. Russarane hadde då hatt ei sone der dei bestemte, akkurat slik det var i sovjetperioden. Problemet er at

mange i den tidlegare Sovjetunionen ikkje vil leva i ei slik sone. Folket i Belarus vil det ikkje, og heller ikkje folket i Ukraina eller i Georgia. Då må me i Vesten finna ut kva for side me står på: på Putin-regimets side eller på folkets side?

Ein merknad til: Sjeldan har det føre ein krig vore fleire diplomatiske framstøytar enn det me såg vinteren 2021/22. Om Putin hadde ynskt ei fredsleg løysing, hadde han fått det. Alle visste at ein ukrainsk medlemskap i Nato i alle høve låg langt inn i framtida. At USA skulle plassera ut rakettar i Ukraina som kunne nå Moskva, var heller ikkje aktuell politikk. Etter at Ukraina om nokre månader eller år har vunne krigen, vil mykje bli sett inn på å få landet inn i Nato. Avskrekkinge våpen på ukrainsk jord som vil peika mot Moskva, er heller ikkje usannsynleg. Putin vil gå inn i russisk historie som ein mislukka leiar som tok heilt feil.

Halvor Tjønn er forfatter og fast skribent i Dag og Tid.